
Kapittel 2 Presentasjon av studieområda

2.0 Innleiing

I dette kapittelet vil eg gi ein relativt kortfatta presentasjon av dei to studieområda – Røros kommune i Sør-Trøndelag og Tynset kommune i Hedmark. Som det går fram av kartet nedafor, ligg dei to innlandskommunane så å seie midt i Noreg, svært nær svenskegrensa. Både i dag og i eldre tider har det vore mykje kontakt mellom desse områda og Jemtland og Herjedalen på svenskesida.[2] Trass i den korte avstanden mellom dei to kommunane høyrer Røros og Tynset til ulike regionar både administrativt og språkleg sett. Også historisk har dei to områda vore knytte til kvar sine administrative regionar. Så langt attende som til 1650-talet høyrde Røros inn under Trondhjems Stiftamt, medan Tynset tilhøyrde Akershus (seinare Hedmarken) Stiftamt.



Kart 1 Røros og Tynset

[2] Jemtland og Herjedalen var norsk område inntil 1658 då Danmark-Norge måtte gi frå seg desse områda, i tillegg til heile Trondheims len, til Sverige. Trondheims len vart vel å merke raskt gjenerobra.

Dei to kommunane ligg dessutan på kvar si side av vasskiljet. Men både Røros og Tynset er fjellkommunar, og i dag høyrer dei to områda til i ein politisk skapt fellesregion, nemleg den såkalla *Fjellregionen*. I denne framstillinga vil dei to studieområda bli presenterte kvar for seg. Eg vil ta føre meg litt av historikken, den demografiske utviklinga og endringane i samfunnsstruktur i dei to kommunane. Deretter vil eg sjå litt nærare på den politiske nyskapinga Fjellregionen, og til slutt vil eg kort diskutere den tradisjonelle dialekt-geografiske plasseringa av talemåla i dei to kommunane.

2.1 Røros[3]



(Foto: Jiri Havran)

Røros kommune

Rørosmålets historie henger på det nøieste sammen med Rørosfolkets historie. Før 1644, da den eldste av Røros kobberverks gruver kom i drift, var det ingen særskilt Rørosbefolkning og følgelig heller intet Rørosmål. (Reitan 1932:5).

Den berømte rørosdiktaren Johan Falkberget brukte ofte eit dialektfarga språk i romanane sine.[4] Det gjeld ikkje minst i romanen *Den fjerde nattevakt* der rørosdialekten også blir tematisert på ein interessant måte. Seinvinteren 1807 utspinn nemleg følgjande episode seg mellom presten Benjamin Sigismund, som er på veg til det nye prestekallet sitt på Røros, og kolkøyraren Tøllef:

> Presten og fruen så på hverandre. Ingen av dem skjønte det bonden sa. Bøndene i disse egne talte så utydelig --- de spiste opp den siste halvpart av ordene [...] "Tal tydelig!" sa Sigismund strengt. Kølkjøreren tidde. "Kan du ikke tale så vi forstår hva du sier?" Heller ikke nå sa kølkjøreren noe. Han kunne så godt tie. Ikke ville han gå her å danske storkar. Og kunne ikke presten skjønne hva folk heroppe sa, hadde han vel ikke noe her å bestille heller. (Falkberget 1969:15).

[3] Kommunevåpenet til Røros, som vart vedteke av Røros kommunestyre så seint som i 1992, symboliserer bergverkshistoria og består i koparsymbolet over korslagt feisel og bergjern i fargane gull på raud botn.
[4] Johan Falkberget (1879-1967) kom frå garden Falkberget i Rugeldalen like nord for Røros sentrum. Familien på farssida kom opphavleg frå Jemtland for å arbeide ved Røros Kobberverk. Faren arbeidde som berg-gesell ved gruvene, og Falkberget sjølv arbeidde som vaskar-ryss frå han var gutunge.

Tøllef er altså ikkje villig til å tilpasse seg prestens talemål og "danske storkar", men meiner tvert om at presten får vere den som tilpassar seg. Dermed avslører kolkøyraren ei uventa offensiv haldning som viser at rørosingen har eit høgt sjølvmedvit og er stolt av staden og det lokale talemålet. Etter ei tid på Røros og etter å ha forelska seg i den fagre Gunhild Bonde, blir presten Benjamin Sigismund langsamt "omvendt":

> […] ennå hadde han vanskelig for å følge med i det folk talte her i egnen. Her var en språklig sammensmeltning av tysk og svensk, men forlengst omstøpt på folkets tunge; klangfullt og melodiøst var det. I Gunhild Bondes munn lød det som en sang med ekko fra selve bergene. Vel mulig at han kom til å behandle dette språk vitenskaplig en gang. En avhandling over dette emne ville by på meget av interesse. (Falkberget 1969:163).

2.1.1 Historikk og demografi[5]



(Foto: A. Lindal 1887)

På byrjinga av 1600-talet kom Hans Aasen, ein nybyggjar frå Herjedalen, til rørostraktene der han rydda ein av dei første gardane i området. Den same Aasen har fått æra for malmfunnet som førte til at Storvarts gruve vart etablert i 1645. Gruvedrifta ved Storvarts, eller Gammelgruva, skulle leggje grunnlaget for ei lønnsam drift og danne basis for eit nytt lokalsamfunn på fjellvidda. Før skipinga av Røros Kobberverk i 1644 var busetnaden på rørosviddene, som den gongen var dekt av skog, svært spreidd. Forutan nokre få gardar var det stort sett samar som dreiv med fangstbasert reindrift, som budde i området (jf. Fjellheim 1999). Etter etableringa av koparverket ekspanderte omfanget av drifta, og dermed også folkesetnaden, relativt raskt. I 1646 stod den første smeltehytta klar ved Hitterelva i det området der Bergstaden, dvs. sentrum av Røros, skulle vekse fram. Kring smeltehytta bygde koparverket ulike anlegg, verkstader, administrasjonsbygg og kyrkje, og innflyttarane bygde husa sine her (jf. Ødegård 1997). Rundt den sentrale Malmplassen vart

[5] For ein grundigare presentasjon av røroshistoria sjå t.d. Reitan (1932), eller for ei meir moderne framstilling sjå Ødegård (1997).

det bygd mykje nytt. Det vart etablert to parallelle hovudgater, *Storgata* (*Bergmannsgata*) og *Litjgata* (*Kjerkgata*), og tettbygde flater mellom gatene og rettvinkla veiter danna eit så å seie regelmessig rutenett. Denne faste bystrukturen er i hovudsak intakt også i dag.

Bergstaden vaks raskt, og det vesle samfunnet vart utvida med bergverksarbeidarar frå nabobygdene og frå grensebygdene i Sverige, og med funksjonærar frå Danmark og Tyskland. I brytinga mellom ulike målføre vaks det etter kvart fram ein ny dialekt (eller koiné; jf. kap. 3, pkt. 3.2.1.1). For å vurdere denne blandingsdialekten er det ifølgje Reitan (1932) viktig å skilje mellom funksjonærsjiktet og arbeidarsjiktet. Funksjonærane kom som nemnt gjerne langvegs frå, og den "[…] gebrokkne norsk disse utlendinger talte, har neppe hatt stor betydning for språkutviklingen på bergstaden" (Reitan 1932:15). Det som derimot må ha vore avgjerande for rørosmålets opphav og utvikling, er ifølgje Reitan spørsmålet om opphavet til dei første *arbeidarane*.[6] Ifølgje folketeljinga i 1701 kom dei aller fleste arbeidarane frå dei sør-trønderske nabobygdene Ålen, Haltdalen, Selbu og Tydal – og frå Jemtland. Men det fanst også eit visst innslag av arbeidarar frå nabobygdene i Nord-Østerdalen, frå Oppdal og til og med frå Nordfjord og Romsdalen (jf. Reitan 1932). Vi ser altså at det var sør-trønderske målføre som dominerte blant dei første røros-innbyggjarane. Folketeljinga i 1701 viste også at det budde kring 2 000 menneske på Røros på byrjinga av 1700-talet. Den bonde- og arbeidarklassen som busette seg på Røros, etablerte ein folkekultur som var ulik bondekulturen i nabobygdene. Bergverksarbeidarane kombinerte arbeid i gruvene med husdyrhald, jordbruk og anna matauke. I om lag 250 år var Røros Kobberverk eit av dei viktigaste bergverka i Noreg, men i 1977, etter 333 års verksemd, opphøyrde gruvedrifta på Røros (sjå meir om endringar i næringsstruktur under pkt. 2.1.2 nedafor).

I 1981 kom Bergstaden med på Unesco si liste over Verdas kulturarv og fekk med dét plass blant dei viktigaste og mest verneverdige historiske minnesmerka i verda (jf. http://www.unesco.no/kultur/verdensarven/norgesarv/roros.htm 2004). Det som gjer Røros særprega i internasjonal samanheng, er at Bergstaden har halde på mykje av det opphavlege preget, og framleis har eit godt bevart trehusmiljø med hus og gardar frå 1700- og 1800-talet. Gatemønsteret og gardseigedomane i sentrum er framleis i hovudsak slik dei vart forma på 1600-tallet. Denne trehusbusetnaden er tufta både på kontinentale idear og på gamal norsk byggeskikk. Gardane vart hovudsakleg bygde som toetasjes trehus i tette

[6] For ein kortfatta presentasjon av rørosmålet sjå pkt. 2.4, og for ein grundigare presentasjon av dei målmerka eg vil ta føre meg i denne avhandlinga, sjå kap. 6, pkt. 6.1. For ein meir omfattande presentasjon av det tradisjonelle rørosmålet sjå Reitan (1932).




(Foto: Jiri Havran).

rekkjer langs gatene. Bygningane på Røros har altså eit bymessig preg ut mot gata, men inne i kvartala finn vi store og små gardsrom som vitnar om rørosinn-byggjarane sitt doble næringsgrunnlag som gruvearbeidarar og bønder. I dag finst det om lag 80 freda bygningar på Røros. Det mest ruvande byggverket i bybiletet er barokkyrkja "Bergstadens Ziir" frå 1784. Kyrkja er majestetisk både i plassering og storleik, og er eit viktig symbol for Bergstaden. Kyrkja er godt synleg kvar ein står og går på Røros, og forholdet mellom den høgreiste kyrkja og dei mange små husa omkring kan minne om dei europeiske katedralbyane i mellomalderen (jf. Ødegård 1997:33). Biletet av hyttklokka og kyrkja har nærast vorte sjølve symbolet på Røros, og blir flittig brukt i marknadsføringa av Røros som stad (jf. Eggen 1993). Røros har ikkje offisiell status som by, men blir altså rekna som ein *bergstad*.[7] Men allereie på 1800-talet hadde Bergstaden Røros status som såkalla *anlagt by*. Det vil seie at den ikkje hadde fulle rettar som kjøpstad på line med Trondheim, men at den like fullt vart rekna som by. Arkitekturen i Bergstaden har ein klar bystruktur, og Bergstaden har frå gamalt ein uttrykt identitet som by. Røros-dialekten blir slik sett også å rekne som ein bydialekt. Eit anna særtrekk ved Røros ved sidan av arkitekturen og bergverkshistoria, er at det er ein av kaldaste plassane i Noreg, med ein kulderekord på -50,4 C målt i januar 1914.

Røros kommune dekkjer i dag over eit areal på kring 2000 km^2. Bergstaden er som nemnt sentrum i kommunen og ligg om lag 650 meter over havet. Dei største bygdene i kommunen er Brekken, som ligg om lag 3,5 mil mot svenskegrensa, og Glåmos, som ligg

[7] I 1997 bad ordføraren om ei vurdering av om Røros skulle søkje om å få bystatus, men saka vart trekt før den kom opp til handsaming. I saksframlegget vart det bl.a. skrive: "Røroshistorien strekker seg lengre tilbake i historien enn for de fleste byer i Norge. Fram til 1683 gjaldt bergordningen slik den var fastsatt i kurfyrstedømmet Sachen. Bergordningen er en viktig del av vår historie og dannet grunnlaget for Berg-ordinancen av 23. juni 1683. Kongelige forordninger og bergprivilegier ble gjort gjeldende. Det ble skapt et eget samfunn, med sine egne spesielle lover, Bergstaden Røros. For Røros vil betegnelsen by neppe innebære noe "løft" for handel, reiseliv eller generell status. Tvert om. Betegnelsen Bergstad er solid forankret i norsk historie. Det er en unik betegnelse som bare to steder i Norge med rette kan anvende, nemlig Kongsberg og Røros." (E-post-opplysningar frå Brit Hagen, konsulent i Røros kommune, 2004).

om lag 13 km nordover (jf. http://www.roros. kommune.no/ 2004). Ifølgje tal frå statistisk sentralbyrå budde det om lag 5 500 menneske i Røros kommune ved årtusenskiftet. Av desse budde om lag 3 400 i sentrum av kommunen (tal frå *Folke- og boligtelling* 2001, Røros, tabell 1, 28). Om lag 180 av innbyggjarane i kommunen var i dette tidsromet i alderen 16 til 18 år (tab. 2).



Kart 2 Røros kommune

På byrjinga av 1800-talet budde kring 2 900 personar i kommunen, medan det budde kring 4 500 personar her på byrjinga av 1900-talet. Det vil seie at folketalet auka med 1 600 menneske i løpet av 1800-talet, og med 1 000 menneske i løpet av 1900-talet. Folketalet har auka nokså jamt og trutt opp gjennom åra. Den største auken finn vi i tiårsperioden mellom 1900 og 1910, då talet på innbyggjarar auka med heile 500. Denne ekspansjonen heng truleg saman med auka sysselsetting i samband med utbygginga av rørosbanen. Folketalet hadde ein svak tilbakegang på 1960-talet, men har sidan vore jamt aukande. Særleg opplevde Røros ein ekspansjon i folketalet mellom 1970 og 1980 som følgje av stor netto innflytting.

Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at innflyttinga til Røros kommune frå 1970-talet og til årtusenskiftet var på kring 6 090 menneske. Samtidig flytta om lag 5 650 menneske ut av kommunen i det same tidsromet. Dette gir ei netto innflytting på kring 450 personar i løpet av dei siste 30 åra (jf. http://www.ssb.no/ 2004). Mange av innflyttarane til Røros fekk arbeid innafor den sterkt ekspanderande offentlege sektoren (jf. pkt. 2.1.2) – særleg innafor medisinsk og pedagogisk arbeid, dvs. yrke som gjerne er forbundne med høg sosial status. Mange av innflyttarane var med andre ord folk med høgare utdanning, og fleire kom dessutan frå meir urbane område enn Røros. Tala viser at det har vore relativt store omstruktureringar i folkesetnaden i kommunen. Mange har flytta til, ein del har kanskje flytta ut – for så å kome heim att, og ein del har sagt farvel til Røros for godt.

2.1.2 Samfunnsstruktur og samfunnsutvikling

Røros har ikkje berre vakse i folketal, men har òg endra seg når det gjeld samfunns- og sysselsettingstruktur dei siste 30 åra. Fram til 1977 var gruvedrifta og smeltehytta det viktigaste økonomiske fundamentet for rørossamfunnet. I løpet av dei over 300 åra Røros Kobberverk var i gang, produserte verket over 100 000 tonn kopar og 525 000 tonn svovelkis (jf. http://www.unesco.no/kultur/verdensarven/norgesarv/roros.htm, 2004). Med den sterke posisjonen til verket vaks det fram både ein sterk *industritradisjon* og ein *arbeidarkultur* på Røros. Gjennom koparverket vart Røros eit temmeleg lagdelt samfunn. Koparverket var ein stor og hierarkisk organisasjon som la grunnlaget for sosial og økonomisk differensiering. Likevel hadde nok rørossamfunnet færre tydelege skiljeliner mellom ulike lag i allmugen enn mange andre bygder. I verkssamfunnet på Røros var det t.d. vanskeleg å setje skilje mellom arbeidarar og bønder, sidan dei fleste verksarbeidarane også dreiv med husdyrhald og gardsdrift på si. Røros var på den måten *både* eit industri-samfunn og eit jordbrukssamfunn, og hadde slik sett ein meir samansett yrkes- og nærings-struktur enn til dømes dei meir homogene jordbrukssamfunna i naboregionen Nord-Østerdalen (jf. Rønningen 1994). I kjølvatnet av gruvedrifta vaks det fram eit visst reiseliv og ikkje minst ei vesentleg handelsverksemd på Røros. Ifølgje Ødegård (1997) hadde rørosfolket ein del føremoner i samband med gruveverksemda som ikkje var vanlege i samtida. Det å bu innafor verkets grenser gav truleg status, sjølvmedvit og identifikasjon, noko som medverka til å bevare kulturuttrykk og halde folkekulturen saman.

Dei næringsmessige endringane som har gått føre seg på Røros etter 1970, følgjer stort sett det same mønsteret som har gjort seg gjeldande i det meste av landet elles, nemleg ein overgang frå primær- og råvareproduserande næringar til tenesteproduserande næringar. Nedgangen på Røros har, som det går fram av tabell 2.1 nedafor, vore størst innafor primærnæringane. Industrien hadde først ein viss nedgang frå 1970 til 1990 som følgje av avviklinga av bergverksdrifta, men industriverksemda heldt seg likevel overraskande godt og har sidan også auka. Bakgrunnen for dette er at det har gått føre seg ei industriell modernisering på Røros, og at verksemder som treforedling og møbelindustri har ekspandert kraftig.[8] Den sektoren som har hatt desidert størst framgang frå 1970 til i dag, er likevel tenestesektoren. Offentleg tenesteyting har medverka sterkast til den auka sysselsettinga, men også auka turistverksemd har hatt mykje å bety for ekspansjonen

[8] Møbelindustrien, med kontormøbelprodusenten HÅG i spissen, er blant dei som sysselset aller flest på Røros.

innafor denne sektoren. Reiselivsrelaterte næringar som varehandel, transport, hotell og restaurant har alle auka relativt mykje. Turisme er med andre ord i stadig aukande grad ei viktig handelsvare for Røros. I promoveringa av Røros som turistplass og turistattraksjon spelar bergverkshistoria, gruvekulturen og rørosnaturen ei heilt sentral rolle. Lokal kultur, tradisjonar og historie har altså vorte viktige salsvarer i ein stendig meir turistorientert økonomi. Hovudattraksjonen er sjølve Bergstaden, med sine trehus, kyrkja, malmplassen, slagghaugane og ikkje minst smeltehytta, som no hyser Rørosmuseet. Ein annan attraksjon er det varierte tilbodet av kunsthandverk, husflidsprodukt og brukskunst som har vakse fram dei seinare åra. Røros er ein populær stad for kunstnarar frå heile verda, og har også vore attraktiv som naturleg kulisse for fleire filmar og tv-seriar. Dei seinare åra er det særleg den populære adventserien *Jul i Blåfjell* som har vist det norske folk vakre vinterbilete frå Røros.

Tabell 2.1 Sysselsette 16-74 år med bustad/arbeidsstad i kommunen, Røros

Næring	**1970**	**1990**	**2001**
Jordbruk, skogbruk	23.2 %	10.4 %	5.8 %
Industri, bergverk, kraft	24.7 %	21.2 %	25.3 %
Bygge- og anleggsverksemd	6.6 %	6.9 %	7.1 %
Varehandel	13.0 %	13.8 %	13.6 %
Hotell og restaurant	4.0 %	8.5 %	8.7 %
Transport og kommunikasjon	7.8 %	6.0 %	6.3 %
Finansiell og forretningsmessig tenesteyting	1.1 %	3.2 %	3.9 %
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	19.5 %	30.0 %	28.7 %
Sum	99.9 %	100%	99.4 %

Kjelde *Folke- og boligtelling* 1970, 1990 og 2001. SSB.[9]

Røros har etter kvart vorte ein ettertrakta kurs- og konferansestad, og er også eit populært hytteområde – ikkje minst for folk frå Trondheim. Talet på såkalla kommersielle overnattingar vart i 1993 estimert til kring 400 000 per år (jf. Sæter 1993). Dei fleste av dei besøkande bur i private hytter, men rundt ein fjerdedel bur på hotell. Svært mange turistar kjem til Røros i samband med Rørosmartnan, som har vore ein årleg tradisjon sidan 1854.

[9] Tala frå dei ulike målingsåra er vel å merke ikkje 100 % samanliknbare. Tala frå 1990 og 2001 viser sysselsette i teljingsveka, medan tala frå 1970 viser yrkesaktive i året. Tala viser likevel ein tydeleg tendens.

Ifølgje tala frå 2004 kom mellom 70- og 80 000 menneske til Røros den hektiske "martnas-veka" i midten av februar. Den unike røroshistoria, arkitekturen og dei rike natur- og utmarksressursane blir ikkje berre brukte for å lokke turistar til Røros, men også for å få unge rørosingar til å bli buande. Denne interne marknadsføringa av Røros har utan tvil medverka til at ungdom på Røros er svært medvitne om og stolte av at dei kjem frå ein slik spesiell plass. Ikkje minst har plasseringa av Bergstaden på Unescos verdsarvliste – saman med pyramidane i Egypt og den kinesiske muren – også gjort sitt til å styrke det lokale sjølvmedvitet.

Trass i auka turisme har ikkje Røros gått over til ein utelukkande turistbasert økonomi. I tråd med tradisjonen står industrien framleis sterkt på Røros. Derfor har Røros i dag ein samansett næringsstruktur og er korkje ein einsidig industristad eller ein einsidig reiselivsstad (jf. Rønningen 1994:14). Dei to næringane sysselset om lag ein fjerdedel av den aktive arbeidsstokken kvar (jf. *Kommuneplan for Røros* 1994-2005).

I løpet av dei siste 30 åra har rørossamfunnet gjennomgått ei urbanisering – ikkje berre i demografisk og strukturell meining, men det har òg skjedd ei *mental* urbanisering. Det vil seie at det har skjedd ei modernisering, eller globalisering om ein vil, som potensielt har ført med seg endringar i folks orientering, normer, verdiar, levesett og sosiale preferansar. Som anna vestleg ungdom følgjer rørosungdom med på kva som skjer ute i verda. Dei ser på dei same TV-seriane, lyttar til den same musikken, følgjer med på dei same motane og trendane, og surfar i den same 'verdsveven' som anna ungdom. Urbane og globale impulsar har vorte ein del av kvardagslivet til ungdom i heile Noreg. Enkelte vil seie at det har skjedd ei generell av-tradisjonalisering av samfunnet (sjå diskusjon i kap. 5, pkt. 5.2). Samtidig er tradisjonen utan tvil ei viktig salsvare i den moderne rørosøkonomien og har såleis ein sentral plass også i det meir urbaniserte og moderniserte rørossamfunnet.

2.2 Tynset



(Foto: *Folke- og boligtelling* 2001, SSB)



Slagord for Tynset kommune: *Kjem'n til Tynset så trivs'n*.

I sentrum har vi knapt nok dialekt, mens bygdan rundt, og du skal ikke lengre enn på andre sida av Neby, snakker man bredere (jente 17 år om dialektsituasjonen på Tynset).

Tynset ligg i Nord-Østerdalen, lengst nord i Hedmark fylke i grenseområdet mellom Austlandet og Trøndelag. Nord-Østerdalsregionen omfattar seks kommunar; Os, Tolga, Alvdal, Rendalen, Folldal og Tynset. Tynset er den mest folkerike av dei seks kommunane og har lenge vore regionssenter for Nord-Østerdalen både når det gjeld handel, industri og offentleg verksemd.

Namnet Tynset tyder "garden eller staden ved Tunna", og elvenamnet *Tunna* tyder truleg "*ho som virvlar*". Tunna renn ut i *Glåma* som er ein viktig del av Tynsets liv og historie. På biletet ser vi Glåma som deler Tynset sentrum i to. På austsida av elva ligg det nye kommunesenteret *Stasjonsbyen*, medan det gamle kommunesenteret *Neby*, ligg på vestsida av elva. I bakgrunnen tronar fjellet *Tronden*, eit av dei mest kjende landemerka i Nord-Østerdalen. Trondfjellet strekkjer seg heile 1.666 meter over havet, medan Tynset sentrum ligg på kring 500 meter over havet. Biletet ovafor er tatt frå Neby-sida.

For å forstå den språklege situasjonen på Tynset, slik den blir skildra av den 17 år gamle jenta i sitatet ovafor, er det heilt sentralt å sjå nærare på den historiske utviklinga og ikkje minst på dei kulturelle motsetnadane mellom den gamle og den nye sentrums-danninga på Tynset.[10]

[10] For ein grundig presentasjon av det gamle og det nye senteret på Tynset, og ein diskusjon av dei strukturelle og kulturelle endringane som oppstod i kjølvatnet av den nye sentrumsdanninga, sjå Moen (1977). Bakås (1998) har også ein ganske utfyllande presentasjon og drøfting av motsetnadene mellom det gamle og det nye tynsetsamfunnet.

2.2.1 Historikk og demografi



Neby. Utsikt mot Neby, det gamle kommunesenteret på Tynset. Den gamle brua frå 1843 vart riven i 1943. Tangen gjestgiveri og butikk (nede ved elva), vart nedlagt ca. 1900. Eggen skole (til venstre for kyrkja), vart riven i 1970. Kyrkja og delar av låven og smia til høgre er dei einaste husa som står att.

(Foto: http://www.tynsetturist.no/nor_start.htm 2004)

Den første sentrumsdanninga på Tynset fann altså stad på Neby, på vestsida av Glåma. Den gamle ferdselsvegen gjennom Østerdalen, allmannavegen, gjekk på denne sida av elva, og vegen og vassdraget var sentrumsdannande. Allereie frå gamalt var Tynset, eller nærare bestemt Neby, senter for handel, administrasjon, kommunikasjon og kyrkjeliv for eit etter kvart relativt stort omland (jf. Moen 1977). På Neby møttest rettens folk og det vart også halde ting her fire gongar i året. På 1200-talet vart den første kyrkja bygd på Neby, og sidan kom det både prestegard, skysstasjon, gjestgiveri, brennevinsutsal, postopneri, bakeri og landhandel på Neby. Tangen landhandel, som opna i 1811, var den første landhandelen i Nord-Østerdalen. På Neby var det også apotek ein periode og fleire butikkar. Her fann ein dessutan både lege, skule og prest.

Det var også noko verksemd på austsida av elva, men det var først etter at Røros-banen opna i 1877 at dagens moderne sentrum, Stasjonsbyen, vaks fram. Etter jernbane-opninga vart all sentrumsutvikling konsentrert kring området rundt jernbanen, og Neby miste etter kvart sin gamle posisjon som handelssentrum og administrativt sentrum. Ulike kommunale funksjonar vart flytta over til stasjonssida, og i åra framover dukka det opp ei rekkje handels- og næringsverksemder på denne sida av elva. Apoteket vart t.d. flytta frå Neby til Stasjonsbyen i 1879, det vart bygd eit nytt kommunehus her i 1889, og etter kvart vart det etablert både sparebank, bakeri, slakteri og fleire hotell. Jernbanen skapte auka sysselsetting, og mange innflyttarar kom etter kvart til bygda anten for å arbeide på jernbanen eller i andre verksemder som vaks opp kring jernbanen. Ein del kom også til bygda for å starte eigne næringsverksemder. Byggjeaktiviteten rundt stasjonen var stor. Frå Rørosbanen opna i 1877 og fram til hundreårsskiftet, auka talet på bruksnummer i området frå 23 til 158 (jf. Moen 1977:22). Jernbanen var på denne måten med på å skiple balansen i

det gamle tynsetsamfunnet, både bustadsmessig og utbyggingsmessig, og det oppstod motsetnader som skulle prege tynsetsamfunnet i lang tid framover (jf. Moen op. cit.). Mange av innflyttarane var folk med kapital, som gjerne kom frå meir urbane område enn Tynset (jf. Bakås 1998:13). Dei hadde dermed ein annan sosial og kulturell bakgrunn, eit anna levesett og eit meir byprega talemål enn tynsetbøndene. Innflyttarane utgjorde på denne måten eit potensielt trugsmål mot tynsetsamfunnets tradisjonelle levesett, kultur, verdiar og språk. Moen (op. cit.:190) meiner t.d. at den tradisjonelle tynsetdialekten etter kvart fekk "status som arbeiderspråk, som "grautmål" eller gatespråk" på Stasjonsbyen.



(Foto: http://www.museumsnett.no/nordosterdalsmuseet/ 2004)

Stasjonsbyen: Utsikt mot det nye kommunesenteret på Tynset. På biletet ser vi jernbanestasjonen og torget.

Talen ein høyrer mellom folk, særleg nærmast kring stasjonen, er ei blanding av riksmål og dialekt. Den som vil verna om den gamle Tynsetdialekten lyt gjera sitt til at bygdemålet held seg reint og usulka av dansken (Olav Lunaas på skipingsmøtet til Tynset Mållag i 1912, her etter Bakås 1998:38).

Også kulturelt og mentalitetsmessig oppstod det altså tydelege motsetnader mellom det gamle og det nye senteret. Medan tyngdepunktet i det gamle bygdesenteret var jord- og skogbruk, dominerte industri, handel og hotelldrift på Stasjonsbyen. Slik vaks det fram eit samfunn med eit anna tenke- og levesett enn det som prega det gamle jordbrukssamfunnet, og resultatet vart kulturkollisjonar på fleire område. Eit illustrerande døme på dei kulturelle og sosiale motsetnadene som oppstod mellom Stasjonsbyen og Neby, er konflikten kring det nye meieriet. På slutten av 1800-talet auka mjølkemengda vesentleg fordi bøndene hadde teke i bruk kraftfôr, og det vart behov for å etablere eit meieri. Sidan Neby hadde vore kommunesenter, meinte alle som sokna til Neby at meieriet måtte ligge her. Innbyggjarane på stasjonssida, derimot, meinte at alle produksjonstiltak med stor vare-transport burde ligg nær jernbanen – dermed også meieriet. Etter 6-7 års krangling vart resultatet at ein bygde eitt meieri på Neby og eitt på Stasjonsbyen – berre 2 kilometer frå kvarandre. Etter relativt kort tid vart likevel meieriet på Neby lagt ned. Meieriet på


Stasjonsbyen heldt oppe drifta noko lenger, men i 1933 tok Østlandets Mjølkesentral over (jf. Moen 1977:17).

Kallenamna "bygdakop" og "stasjonsramp", som vart brukt om barn og ungdom frå høvesvis vestsida og austsida av Glåma, illustrerer også motsetnadsforholdet mellom bygda og Stasjonsbyen (jf. Bakås 1998:8). Stasjonssida vann etter kvart striden om sentrumsfunksjonen, og denne delen av Tynset vart ein tett trehusby med mange fine hus. I ein periode hadde tynsetbyen svært mange hotell og overnattingsstader. Mellom 1904 til 1921 var det gruvedrift ved Røstvangen gruver på Kvikne, noko som hadde store ringverknader for handel, overnatting og sosialt liv på Tynset. I ein periode "overnatta" dessutan dagtoget mellom Oslo og Trondheim på Tynset. Dette skapte også behov for overnattingstilbod. Ifølgje Alva, ein av dei vaksne tynsetinformantane mine, var det stor avstand mellom dei som budde på bygda og dei som budde på Stasjonsbyen i hennar oppvekst på 50- og 60-talet. Ho fortel at dei *var* så "fine" og *snakka* så "fint" på tynsetbyen:

> Alva: du vet 'kommunikasjonan var helt helt annsles [=] =e= det gikk en rutebuss = et par dager for uka = og = da var det jo helst på 'butikk og skulle ha no 'kolonialvarer og den slags = no an't 'spesielt forhold hadde jo itte vi til by'n enn når vi skulle ha klær eller sko og det var itte ofte så det var = nei det var liksom noe som var langt unna = dessuten ja forresten vi hadde jo ei oppfatning av at døm var så fine på by'n da døm sa "ikke" og "jæi" vet du og det var = døm var veldig fine = det den oppfatninga hadde vi [[=]] og den trur je for så vidt eksis'tere i dag og je = at døm er veldig fine = døm som er på by'n = kess 'realiteten er det =
> Unn: [mm] [[mm]] men fikk dokke høyre noke då som kom liksom utafrå
> Alva: ja du vet døm var annsles kledd vet du gikk med kåpe og hatt = for [eksempel] ja men det var jo kjempeavstand det (LATTER) for det var liksom det var itte vanlig det vet du [[=]] og så var det jo språket var helt annsles = døm snakka veldig fint [=] sammenligna med oss = så da = så det vart oppfatta som finare eller ville vår finar eller et eller anna i den dur

Alle dei vaksne informantane på Tynset kommenterer at det har vore stor avstand både kulturelt og språkleg mellom tynsetbyen og dei kringliggjande bygdeområda i kommunen. Denne avstanden har likevel truleg vorte vesentleg mindre dei siste åra pga. betra kommunikasjon, skulesentralisering og ei generell urbanisering og modernisering av heile kommunen.

Tynset kommune dekkjer i dag eit areal på 1869,0 km^2, og Stasjonsbyen, eller tynsetbyen som enkelte kallar den, er som sagt kommunesenteret. Innbyggjartalet i Tynset kommune vaks vesentleg etter opninga av rørosbanen. Tal frå Statistiske sentralbyrå viser at folketalet særleg auka i 20-års-perioden mellom 1900 og 1920 då talet på innbyggjarar steig med om lag 1 200 menneske, frå 3 840 i 1900 til 5 035 i 1920 (jf. *Folke- og bolig-telling* 2001, Tynset, tabell 1). I denne perioden steig innbyggjarartalet på Stasjonsbyen frå om lag 200 til 650 (jf. Moen 1977:24). I dag er folketalet i kommunen på om lag 5 400



Kart 3 Tynset kommune

menneske. Av desse bur om lag 2 400 i sentrum av kommunen, medan 3 000 bur i dei kringliggjande bygdene (jf. *Folke- og boligtelling* 2001, Tynset, tabell 28). Talet på innbyggjarar i sentrum av kommunen har auka vesentleg dei siste 30-40 åra. I 1960 budde berre kring 500 personar i sentrumsnære strøk, medan 3 800 budde i meir spreiddbygde strøk (jf. *NoNyss* 16, 1994). Folketalet på Tynset har vore jamt aukande sidan 1930-åra. Som på Røros opplevde ein også på Tynset ein ekspansjon i innbyggjartalet mellom 1970 og 1980, då talet på innbyggjarar auka med om lag 400. Grunnen til dette var stor netto innflytting pga. ei vesentleg utbygging av offentleg sektor. Av dei om lag 5 400 personane som bur i kommunen i dag, var om lag 200 i alderen 16-18 år i 2001 (jf. *Folke- og boligtelling* 2001, Tynset, tabell 2). Kommunen blir delt inn i fire delområde: *Kvikne* i nord med om lag 500 innbyggjarar, *Tynset nord*, som blant anna inkluderer småbygdene Auma og Fåset, med om lag 1 400 innbyggjarar, *Tynset sør*, som inkluderer Stasjonsbyen, Haverslia og Telneset, med om lag 2 900 innbyggjarar, og til slutt *Tylldalen/Brydalen* i sør med om lag 550 innbyggjarar.

2.2.2 Samfunnsstruktur og samfunnsutvikling

Den "nye" tida pressa seg på Tynset sentrum etter at jernbanen kom. Dette gjorde at Tynset på mange måtar måtte tilpasse seg den nye tida raskare enn andre bygdesamfunn. Det som før var ei vanleg jordbruksbygd med nokså spreidd busetting og tette sosiale nettverk, utvikla seg ifølgje Moen (1977) til å bli ei meir industri- og handelsbasert bygd med stadig veksande tettstadutbygging og opnare sosiale nettverk. Moen (op. cit.:190) seier:

> Disse forholdene gjør at Tynset etter hvert på mange måter får preg av å være en "bykulturell" øy i et bygdekulturelt landskap. En kan gjerne si at tettstedet ble et slags krysningspunkt for kulturbryting i videste forstand.

Dersom ein går rundt på Stasjonsbyen, vil ein finne nokre restar etter det "gamle Tynset", men etter 1950 – med større krav til areal både for forretningar og trafikk – har mange av dei gamle "signalbygga" vorte rivne for å gi plass til dagens moderne regionsenter (jf. http://www.tynsetturist.no/nor_start.htm 2004). Det 10-etasjar høge rådhuset som opna i 1974, står som eit talande symbol på den vekst- og urbaniseringstrangen som har vore karakteriserande for Stasjonsbyen. Dei siste 20-30 åra har dei gamle trehusa vorte erstatta av mur og betong, og sentrum har fått ein meir byprega og "steril" arkitektur (jf. Moen 1977). I 1975 opna kjøpesenteret Trontorget, som trekkjer til seg kundar frå Holtålen i nord til Koppang i sør (jf. Bakås 1998), og i 1988 opna eit nytt kulturhus i tilknyting til rådhuset. Kulturhuset rommar eit allsidig utval av kulturelle aktivitetar, som kino, bibliotek og konsertsal, og har vorte eit viktig kulturelt midtpunkt for folk frå heile Nord-Østerdalen. Trontorget og kulturhuset kan på den måten seiast å ha styrka Tynset sin posisjon som regionalt tyngdepunkt i Nord-Østerdalen.



(Foto: http://www.tynset.kommune.no/ 2004)

Medan jernbanen var den drivande faktoren bak samfunnsutviklinga på Tynset før andre verdskrigen, lever rørosbanen no med stadige trugsmål om nedlegging. Ekspansjonen i offentleg sektor på 1970- og -80-talet er det som har ført utviklinga av Stasjonsbyen vidare (jf. tabell 2.2 nedafor). Sett under eitt er primærnæringane framleis grunnpilaren i næringslivet i kommunen. Men i Tynset sentrum er det offentleg sektor og tenesteytande næringar innan handel, data, jus, økonomi og bygg og anlegg som dominerer. Mange interkommunale tiltak er også lagt til Stasjonsbyen; krisesenter, familie-kontor og pedagogisk-psykologisk senter m.m. Mange fylkeskommunale og statlege etatar er plasserte her, som for eksempel likningsetaten, sjukehus (Sykehuset Innlandet Tynset) og vidaregåande skule. Nord-Østerdal videregående skole er med sine ti ulike studie-retningar og rundt 500 elevar blant dei største vidaregåande skulane i Hedmark. Skulen rekrutterer elevar frå heile fylket, men særleg frå den nordlegaste delen: 91,6% av elevane kjem frå kommunane i Nord-Østerdalen, medan 8,4% kjem frå Sør-Trøndelag eller andre kommunar i Hedmark (jf. http://www.nord-osterdal.vgs.no/ 2004). I ein enquete (jf. vedlegg 7.1) som i alt 111 elevar ved Nord-Østerdal vidaregående skole svarte på, var 46 frå Tynset og 65 frå andre delar av Nord-Østerdalen. Det betyr at elevmassen er relativt heterogen, og at ungdom frå heile Fjellregionen møtest her.

Tabell 2.2 Sysselsette 16-74 år med bustad/arbeidsstad i kommunen, Tynset

Næring	**1970**	**1990**	**2001**
Jordbruk, skogbruk	47.0 %	20.0 %	14.1 %
Industri, bergverk, kraft	9.7 %	12.2 %	6.8 %
Bygge- og anleggsverksemd	6.7 %	7.2 %	6.7 %
Varehandel	10.0 %	13.2 %	15.5 %
Hotell og restaurant	3.2 %	4.0 %	3.7 %
Transport og kommunikasjon	5.4 %	5.9 %	7.1 %
Finansiell og forretningsmessig tenesteyting	1.1 %	3.7 %	8.4 %
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	15.3 %	33.7 %	35.8 %
Sum	98.4 %	99.9%	98.2 %

Kjelde *Folke- og boligtelling* 1970, 1990 og 2001. SSB[11]

Slik det går fram av tabell 2.2, har talet på sysselsette innafor jord- og skogbruk gått kraftig ned på Tynset sidan 1970, men det er framleis kring 14 % som er sysselsette innafor denne næringa (mot berre 5.8 % på Røros, jf. tabell 2.1). Industrien sysselset på si side ikkje like mange som på Røros (6.8 % på Tynset mot 25.3 % på Røros, jf. tabell 2.1) Det vil altså seie at Tynset framleis er meir for ei jordbruksbygd å rekne, medan Røros i større grad er ein industristad. Tala for varehandel er noko større på Tynset enn på Røros (15.5 % mot 13.6 %), medan Røros har fleire sysselsette innafor hotell og restaurant enn Tynset (8.7 % mot 3.7 %). Den desidert største næringa på Tynset, som på Røros, er offentleg forvalting og tenesteyting. Av tabell 2.2 går det fram at denne næringa har hatt ein vesentleg ekspansjon dei siste 30 åra. Mange av innflyttarane som kom til Tynset som følgje av ekspansjonen i offentleg sektor, var gjerne folk med høgare utdanning som fekk stillingar innafor helse, utdanning og offentleg administrasjon. Dette er gjerne yrke med ein viss status, noko som gav innflyttarane ein særskild posisjon i lokalsamfunnet.

Tynset har aktive bygder med eit rikt kulturliv og aktiv utnytting av utmarks-ressursane. Generelt har det likevel vore ein reduksjon av næringsverksemda i utkantane av kommunen og sterk vekst i sentrum. Dette har ført til ein auke i folketalet i dei sentrums-nære områda og ein nedgang i folketalet i mindre bygdelag (jf. pkt. 2.2.1).

[11] Tala frå 1990 og 2001 viser vel å merke sysselsette i teljingsveka, medan tala frå 1970 viser yrkesaktive i året.

Tynset er eit attraktivt hytte- og friluftsområde. Mange har funne sitt hytteeldorado på Savalen. Som Røros er også Tynset eit område som er kjent for å vere eit av dei kaldaste i landet. Det er ikkje unormalt at temperaturen ligg tett ned mot minus tretti veke etter veke i den mørke årstida. Rekorden vart sett den 1. januar 1979 med -46°C.



(Foto: http://www.tynsetturist.no/nor_start.htm 2004)

"På torget utenfor Kulturhuset, kan du se verdens største spark!", står det på nettsidene til turistinformasjonen på Tynset, og i ein artikkel i *Arbeidets Rett* i juni 2004 seier leiaren for Norsk Form at: "Rådhuset er et ikon som markerer at her er Tynset. Der "Bergstadens Ziir" og hyttklokka er symbola på Røros, er altså verdas største spark og det 10-etasjar høge rådhuset symbola på Tynset (noko som blir kommentert og harselert over både av rørosungdom og tynsetungdom). Ein gut frå Tynset seier til dømes:

Unn:	er du =e= ja viss du skulle presentert Tynset for = for noken som ikkje hadde vore her
Gunnar:	det ville jæ'kke gjort
Unn:	[LATTER] du som driv- dokke som driv med turisme?
Gunnar:	[LATTER] ja nei det er 'problem det har fått den jobben før det er'kke mye å vise fram for å si det sånn = Trontoppen da
Unn:	ja
Gunnar:	sparken er ikke mye å skryte av = stygge rådhuset = ja det blir friluftsområdan og sånn da det er det vi kan spille på sikkert

2.3 Fjellregionen

Trass i at Røros og Tynset ligg på kvar si side av vasskiljet, og på kva si side av amts- eller fylkesgrensa (i alle fall sidan 1600-talet), har det likevel vore ein god del næringsmessig og kulturelt samkvem mellom dei to kommunane.[12] Bøndene frå Tynset-området køyrde t.d. tre og kol til gruvene på Røros, og ein møttest gjerne til handel og vandel i martnadstida. Med dei nye fylkeskommunane på midten av 1970-talet fekk ein sterkare administrative grenser som sette hinder for gamle samarbeidssamband og kulturelt samkvem. Eit døme på dette er inndelinga i idrettskrinsar, som før hadde gått etter "naturlege" regionar, men som no skulle følgje fylkesgrensa. Eit anna døme er inntaka til vidaregåande skular, som no vart

[12] Før reformasjonen høyrde likevel Tynset prestegjeld til Nidaros bispedøme (jf. Moen 1977, Reitan 1926).

mykje strengare, slik at rørosungdom måtte halde seg til skular på Sør-Trøndelag-sida og tynsetungdom til Hedmark-sida.

I 1995 vart det oppretta eit regionråd for den såkalla *Fjellregionen*. Fjellregionen omfattar dei sju kommunane Folldal, Alvdal, Rendalen, Tynset, Tolga og Os i Hedmark, og Røros i Sør-Trøndelag.[13] Dette rådet er "et samarbeidsorgan som behandler politiske saker av felles interesse mellom disse kommunene, arbeider for en bærekraftig utvikling, for å bedre rammevilkårene og fremme regionens interesser overfor sentrale myndigheter" (jf. http://www.fjellregionen.no). Opprettinga av regionrådet var dels eit forsøk på å styrke historiske og kulturelle band som var i ferd med å løyse seg opp, og dels eit forsøk på å motsetje seg meir homogeniserande nasjonale krefter (munnleg kommunikasjon med Jon Ola Kroken, rådmann i Os kommune og tidlegare regionkonsulent for regionrådet for Fjellregionen). Men opprettinga av Fjellregionen var ikkje berre kulturelt motivert, men i høgste grad også økonomisk motivert – særleg med omsyn til nærings-verksemd og turisme. Den økonomiske motivasjonen går tydeleg fram av målsettinga til regionrådet (jf. sitatet over). Etableringa av Fjellregionen vart dessutan teken kjærkome imot av rørosavisa *Arbeidets Rett* som allereie tidlegare hadde markert seg som "avisa for Fjellregionen" (jf. fleire artiklar om Fjellregionen i *Arbeidets Rett* 06.01.1993). Avisa tek også æra for å ha innført omgrepet "fjellregionen" om kommunane i Nord-Østerdalen og Røros-distriktet. I drøftingsrapporten som fylkeskommunane i Hedmark og Sør-Trøndelag laga, står det blant anna: "Av geografiske og kulturelle grunner har det alltid vært god kontakt og til dels samarbeid mellom Nord-Østerdals- og Røros-regionen. Regionen som helhet ligger forholdsvis isolert til med 10-15 mils avstand til større byer og tettsteder, og har blant annet av den grunn sett fordelene med nærmere kontakt" (*Arbeidets Rett* 06.01.1993).



Kart 4 Fjellregionen

[13] Tidlegare var også dei to sør-trønderske kommunane Holtålen og Tydal med i fjellregionsamarbeidet, men dei har no trekt seg ut. I daglegtalen er det likevel vanleg å inkludere i alle fall Holtålen i Fjellregionen.

Målet er særleg å styrke det næringsmessige samarbeidet innan helse, skule og samferdsel. Omgrepet "fjellregionen" er vel å merke slett ikkje nytt, men var tidlegare brukt om eit meir avgrensa geografisk område på Sør-Trøndelag-sida. Fjellregionen inkluderte då først og fremst det gamle bergverksdistriktet, dvs. rørosbygdene, Holtålen og kanskje også Tydal, men etter 1995 dekkjer altså Fjellregionen eit langt større område.

I 1997-1999, då det meste av feltarbeidet mitt gjekk føre seg, såg det framleis ikkje ut til at ideen om Fjellregionen hadde etablert seg hos folk flest. Berre ein av informantane, ein gut frå Tynset, nemner Fjellregionen og då i samband med næringsverksemd og turisme. Ingen av rørosinformantane nemner Fjellregionen, men snakkar derimot om *rørosregionen*. Dei fleste rørosinformantane uttrykkjer dessutan ein viss irritasjon over at *Arbeidets Rett*, som tidlegare primært var ei avis for Røros, no har vorte ei avis for ein mykje større region og dermed inneheld mykje "uinteressant" stoff om kommunane sør for fylkesgrensa. Dei fleste såg ut til å meine at dette var eit politisk påhitt og eit påhitt frå *Arbeidets Rett* for å utvide lesarkrinsen og kundegrunnlaget sitt. Fjellregionen som *kulturell* eller *mental* region såg altså ikkje ut til å ha fått noko som helst fotfeste på slutten av 1990-talet (jf. kap. 5, pkt. 5.4.2). Felles for både tynsetungdomen og rørosungdomen er at dei seier at dei har fint lite med kvarandre å gjere. Mange av rørosungdomane seier at dei aldri er på Tynset og at dei ikkje kjenner nokon derifrå. Det same gjeld tynset-ungdomane, sjølv om fleire av dei fortel at dei av og til dreg på Simla (diskoteket på Quality Hotel Røros), og på Rørosmartnan. Ein skal likevel ikkje sjå bort i frå at det har vorte eller vil bli større kontakt mellom ungdom i dei to kommunane etter kvart som fjellregionssamarbeidet får "festa grepet", og Fjellregionen kanskje også får ein plass som ein *mental*, og ikkje berre ein *funksjonell*, region.

2.4 Språkleg plassering og karakteristikk

I dei fleste framstillingar blir rørosdialekten og tynsetdialekten plasserte innafor kvar sine målområde – høvesvis trøndersk og austlandsk (jf. Christiansen 1973, Øverby 1974, Helleland & Papazian 1981, Skjekkeland 1997). Dei fleste framstillingane peiker likevel på at det er mange likskapstrekk mellom dei to dialektane, og at begge er såkalla "overgangsmål". Kvar ein skal trekkje grensa, blir derfor eit problematisk spørsmål.

Viktige fellestrekk mellom det *tradisjonelle* røros- og tynsetmålet er t.d. at begge er jamvektsmål utan apokope i opphavlege overvektsinfinitivar, begge har utjamningsformer i opphavlege jamvektsord, begge har palatalisering av lange alveolarar og alveolarsamband,

begge har kortformer i presens av sterke verb, 1. person personleg pronomen er *je* på begge plassane osb. Av dei femten variablane eg vil studere i denne avhandlinga, har heile tolv så å seie heilt lik realisering i dei tradisjonelle dialektane i dei to områda (sjå kap. 6, pkt. 6.1, der dei ulike variablane blir diskuterte i detalj).

På grunn av alle desse likskapstrekka har enkelte dialektologar valt å plassere desse to måla på kvar si side av fylkesgrensa i *same* målgruppe. Diskusjonen har særleg gått på om dialektane i Nord-Østerdalen skulle reknast til austlandsk, trøndersk eller om dei kunne seiast å danne ei eiga målgruppe saman med måla i Sør-Trøndelag. Hans Ross (1905-1909) meinte det siste, og slo altså dialektane i Nord-Østerdalen og den austlege delen av Sør-Trøndelag saman i ei eiga målgruppe, *Oustfjellmaal* (jf. Øverby 1974:46). Jørgen Reitan (1922) rekna på si side tynsetdialekten og elles dialektane i Nord-Østerdalen med til trøndermåla. Bakgrunnen for dette var blant anna at tynsetdialekten tradisjonelt både hadde palatal uttale av lange alveolarar og utjamningformer, noko som er karakteristisk for trøndermåla. Ved sidan av dei språklege fellestrekka legg Reitan (1926) dessutan vekt på at Tynset høyrde til Nidaros bispedøme før reformasjonen, og at tynsetingane orienterte seg nordover mot Trondheim i tida før jernbanen kom:

> Målet og historia åt eit folk høyrer alltid nøgje ihop; derfor vil språkgrenser eller dialektgrenser tidt falle saman med gamle historiske grenseliner, og Tynnset hørte i den katolske tida til Nidaros bispedømme. Føre jarnvegen kom, hadde tynnsetingen største ferdsla si nordover. For gamle tynnsetingar var "byen" det same som Trondheim. I våre dagar vil vel "byen" helst seie Oslo, i det minste millom ungdommen, og den språklege påverknad på Tynnsetmålet ser no ut til å vera større frå sør enn frå nord. (Reitan 1926:7).

Reitan peiker altså på at det skjedde ei mentalitetsendring på Tynset etter at jernbanen kom, og at folk allereie på 1920-talet i større grad orienterte seg mot Oslo – også språkleg. Sigurd Kolsrud (1944:19) problematiserer klassifiseringa av nordøsterdalsk som austlandsk, men konkluderer likevel med å plassere "Øysterdalsken millom Austlands-måli". Han seier mellom anna:

> I det heile er sambandi millom dei Nord- og Mid-Øysterdalske måli sterkare enn dei som går til Rørosmåli: ljodveikningi i endingar fylgjer i det meste dei same reglar som i måli sunnanfor, jamvektsreglane skil seg ingen stad skarpt frå dei Mid-Øysterdalske; stor einskap er det i vokalvoksteren. Serleg formverket bind målføri i Øysterdalsbygdene saman […]. Skal ein draga ei nordgrense for Øysterdalsk og setja skil mot Trøndsk, bør ein gå til fylkesgrensa; nordum den kann ein peika på Trøndske drag som er lite kjende i Nord-Øysterdalsk […]. (Kolsrud 1944:14f).

Som Kolsrud plasserer også Joleik Øverby måla i Østerdalen saman med austlandsmåla, og også han meiner at *fylkesgrensa* markerer eit vesentleg skilje:

> Fleire av dei draga som er med og karakteriserer Ød-målet, blir meir borte i dei nørdste bygdene, men denne overgangen er ikkje skarp. Likevel kan me finne *eitt* greitt og ikkje uvesentleg språkleg skilje som fell nokolunde i hop med fylkesgrensa mellom Hedmark og Sør-Trøndelag. Det er endinga i ubestemt form fleirtal av dei fleste hannkjønns- og hokjønnsorda. Men dersom ein vil dra ei skarp grense mellom Ød-mål og trøndermål, og ein vil bruke denne endinga som målmerke (noko anna målmerke finst knapt), da lyt ein seia at dei snakkar trønder ved Elgåa (austafor Femunden) og på Kvikne. Ød har former med *-r*, som *båter*, *skåler* og *gryter*, medan Elgåa og Kvikne har *båta*, *skåla* og *gryta*, akkurat som rørosmålet. (Øverby 1974:46).

Øverby peiker altså på eitt målmerke som utan tvil skil dialektane i Nord-Østerdalen og i Sør-Trøndelag, nemleg ubestemt form fleirtal av hannkjønns- og hokjønnsord (jf. kap. 6, pkt. 6.1.9). Andre skilje er at ein tradisjonelt har hatt meir monoftongering av dei gamle diftongane *ei, øy og au* i tynsetområdet enn i rørosdistriktet, der ein har halde på *au*-diftongen (jf. kap. 6, pkt. 6.1.3).

Både Reitan (1932) og Dalen (1990a) skildrar rørosmålet som ein særeigen blandingsdialekt som inneheld flest trønderske, og enkelte austlandske, språktrekk. Dalen (1990a:136) seier dessutan at "målet på Bergstaden er det bymålet som har hatt den mest sjølvstendige utviklinga i forhold til trondheimsmålet". Dette forklarer han blant anna med at rørosmålet har ei nesten like lang historie som den trondheimsdialekten vi kjenner.

Eit av dei viktigaste fellestrekka rørosmålet har med austlandsk, er den "manglande" apokopen i opphavlege overvektsord (jf. kap. 6, pkt. 6.1.7) og bruken av forma *je* i første person personleg pronomen. Elles har rørosmålet flest typisk trønderske trekk, og det har dessutan eit særtrekk som vi berre finn her, nemleg postalveolar uttale av *s* framfor *k* [Σκ] (jf. kap. 6, pkt. 6.1.1). Rørosmålet blir dessutan ofte skildra som det einaste bymålet i landet med "levande dativ" (jf. Dalen 1990a:136).

Eit anna viktig skilje mellom rørosmålet og tynsetmålet er tonegangen. Begge er såkalla lågtonedialektar, men realiseringa av lågtonen i tonem 1-ord er likevel forskjellig i dei to områda. Der rørosmålet har ein typisk trøndersk tonegang, har tynsetmålet ein meir austlandsk tonegang. Dette er eit språkdrag som er svært lett å høyre, men langt vanskelegare å måle. Derfor opptrer det ikkje som variabel i denne granskinga, men det er like fullt er eit viktig skilje.

Røros- og tynsetdialekten vil bli grundigare presenterte i kapittel 6, der eg tek føre meg kvar einskild variabel. For ein meir omfattande presentasjon av dei *tradisjonelle* talemåla på Røros og Tynset, sjå Reitan (1926, 1932), Øverby (1974).